



Notat

Dato: 24.01.2018
Arkivsak: 2014/12694-7
Saksbehandlar: frahalh

Til:	Avdelingsleiarar og einingsleiarar i Hordaland fylkeskommune
Frå:	Fylkesrådmannen, fylkesdirektør økonomi og organisasjon og HR-dirketøren

Hordaland fylkeskommune som lærebedrift og inntak i 2018

Ved utgangen av 2017 var det 43 lærlingar tilsett i Hordaland fylkeskommune. Dette er over dobbelt så mange lærlingar som ved utgangen av 2015, då talet var 21 lærlingar og målsetjinga var 29 aktive kontraktar.

Satsinga på lærlingar har gjort Hordaland fylkeskommune til ein viktig aktør, og gjer at fylkeskommunen no er blant dei ti bedriftene som har flest lærlingar i heile fylket. Dette er ein viktig posisjon for fylket å ha. Som ein arbeidsgjevar med mange tilsette og eit bredd spekter av oppgåver, blant anna som skuleeigar og forvaltningsorgan for lærlingordninga, er det særskilt viktig at vi tar eit ansvar nettopp på dette området.

Fylkesrådmannen har som mål å stabilisere talet på lærlingar i organisasjonen med inntil 50 aktive kontraktar. For at vi som organisasjon skal nå dette målet er det viktig at alle einingar og avdelingar tar del i det å vere eit førebilete innan fagopplæringa.

Det er 12 lærlingar i HFK som fullfører læretida i år. Fristen for å søkje læreplass i år er 1. mars for dei som søker ordinær læreplass gjennom VIGO. Tida er no inne for å vurdere om di avdeling treng ein ny lærling, ein ekstra lærling, eller ønskjer å ta inn lærling for første gong.

Fylkeskommunen er for tida godkjent lærebedrift i følgjande fag:

- Barne- og ungdomsarbeidarfaget
- Byggdriftarfaget
- Dataelektronikarfaget
- Hestefaget
- IKT-servicefaget
- Institusjonskokkfaget
- Kokkfaget
- Kontor- og administrasjonsfaget
- Reiselivsfaget
- Reinholdsoperatørfaget
- Tømrarfaget

Vi har aktive kontraktar i alle desse faga med unntak av tømrarfaget.

Vi får tilbakemeldingar om kor mykje positivt lærlingane gir organisasjonen, både som faglege ressursar og ikkje minst er dei med på å skape eit god arbeidsmiljø. Lærlingane skal i hovudsak følgje hovudmodellen 2 + 2 (to år på skule + to år i lære), ha bestått faga frå vidaregåande skule og ha ungdomsrett. På denne måten støtter fylkeskommunen opp om opplæringslova og gir ungdom mogelighet til å fullføre utdanninga dei har starta på.

Alle lærlingar i HFK blir tilsett i HR-seksjonen som og dekkjer lønsutgiftene, dei vil likevel vere tilknytt den eininga eller avdelinga der dei har sitt daglege arbeid.

Dersom det er aktuelt for di avdeling eller eining å ta inn ein lærling, ta kontakt med lærlingkoordinator Frank Halhjem i HR seksjonen på e-post frank.halhjem@hfk.no eller telefon 55 23 91 21.

Fylkesrådmannen ønskjer ein oversikt over kor mange lærlingar vi kan teikne kontrakt med i år, dette med tanke på søkjearane og utlysing av stillingar. Vi ber difor om snarleg tilbakemelding.

På førehand tusen takk for innsats og hjelp!